

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Støren

Emne: Ting til lækjedom og vern
mot sjukdom.

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal

(adresse): Snøan st.

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Kari J. Hugdal, 67 år, husmor.

SVAR

A. Ringar.

1. Folk har brukte tingar på fingrane til hjelp mot sjukdom. Dei sjukdomane det serleg galdt var gikt i ymse deler av kroppen.

2. Desse ringane hadde oftast skap som vanlege gifteringar. Dei var vanlegvis av massing. Andre metall var meir sjeldsynte. I alle fall var det berre ringar av massing som vart nytta her i grenda. Dei hadde ikkje noko slag skrift inni.

3. Gjetordet om slike ringar gjekk lett mellom folk. Ein eller annan hadde fått tak i ein ring. Gikta tyktes bli betre og så hadde ein det gåande.

Den person som sjølv hadde ein slik ring kunne seia frå kvar andre giktbrotne kunne venda seg og få maken. Ofte gjekk ringane også på lån. Ringane vart kjøpt på St. Hans martnan i Trondheim. Somme fekk kjøpt dei løysnleg på torget eller i losjhuisa om kveldane. Det var alltid nokon som visste av produsentane, og det var god hjelp til ein kjær granne å skaffe ring mot gikta.

4. Serlege elektriske ringar er ikkje kjende.

5. Større ringar til å smøya om foten eller om livet er ikkje kjende her.

B. Armband.

6. Ein har heller ikkje høyrd gjeti kjedor eller band rundt arma mor gikt og annan sjukdom.

Røkkumkumix

7. 8. Ukjend.

C. Hengesmykker.

9.a) Ein har ikkje bori små ting på snor om halsen mot gikt.

b,c,d. Ikkje kjend.

D. Belter.

10. Belter av sinkplator og koparplator er vel kjende.

11. Dei vart kalla elektriske belter eller også berre

giktbelte.

12.

Eit av dei belte som er kjende her hadde ei lang lekk av koparplator som var fortinna. Dei var bunde saman med turn kopartråd. Dette vart så lagt i edikk og skulle da bli lada opp. Så vart desse samanhengande platone tredd inn i beltet, kopartrådane vart feste til polskuvar og beltet hadde to runde sinkplator som vart vende inn mot kroppen. Beltet vart så bori på ei nærmare fastsett tid i brukstilvisinga. Og så var det ny lading i edikkbadet.

13. Armband eller hengesmykke har ikkje vori lagt i edikk.

E. Øyreringar.

14. Øyreringar har vori bruka av menn, men det er så lenge sidan at ingen nolevande har sett det.

15. Desse øyreringane var runde eller dei kunne ha fleire stykke som hang saman slik at det danna ei lang lekk. Dei kunne hengja heilt ned på aksla.

Var det fleire stykke som hang saman vart det kalla: "Ørdangla" i bygdamålet. Dei var å sjå til for ikring 30 år sidan. Det var serleg fantkjerringar som bruka dei da. Dei var ikkje så sjå på fastbuande folk.

Ringane eller danglane var feste ved at det var stukki hol i øyreflippet. Dei tyngste danglane sleit med kvart ut festet og det vart nauksynt å setja nytt hol. Eg har sett øyro som har vori så utflikka av slike tunge ~~øyredangler~~ danglar at det har sett ut som dei var frynsa.

16. Det var ringar i begge øyro.

17. Øyreringane vart nok serleg nytta av folk som var veiks øygde. Folk med rennande augo vart nemnde: Surøygde, og dei skjerpa synet ved å bruka slike øyreringar eller øyredangler.

18, 19. Det vart gjevi slike grunnar når kvinner bar øyreringar eller øyredangler. Men det har endra seg slik at ein sjeldan set det i samband med nokon skavank når ein råkar ut for ei gjente med øyrestas.

F. Ymse ting.

20. Ikkje ~~kjend~~ kjend.

21. 22. Noko sernamn finst ikkje her.

Jens Haukdal